

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)
v/sakshandsamar Frank Jørgensen
Postboks 5091
Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 16.6.2014

HØYRINGSUTTALE VEDR. MELDINGSFASE FOR BLÅURA KRAFTVERK I FUSA KOMMUNE, HORDALAND FYLKE (SAKSNR. 201300073)

Vi syner til kunngjering datert 23.4.2014 vedr. melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Blåura kraftverk i Fusakommune, Hordaland fylke, med høyningsfrist 15.6.2014. Vi legg til grunn at den reelle fristen er 16.6., sidan 15.6 er ein heilagdag (søndag).

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar i Hordaland. Formålet er å styrke organisasjonenes arbeid med å ivareta natur- og friluftslivsinteresser i aktuelle saker i Hordaland fylke. Følgjande organisasjonar har slutta seg til FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag, Naturvernforbundet Hordaland, Noregs Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Hordaland Fylkeskystlag, Norsk Botanisk Foreining Vestlandsavdelingen og Syklistenes Landsforening Bergen og omegn. Organisasjonane i FNF Hordaland representerer totalt over 36.000 medlemskap.

Om saka

SKL Produksjon AS og Fusakraftlag SA vil gjennom Blåura kraftverk utnytte fallet frå Stolavatnet og Gurigrøvatnet ned til Gjønavatnet for å produsere 68,6 GWh kraft. Blåura kraftverk er lokalisert til grenda Gjøn aust for Gjønavatnet i Hålandsdalen, og fjellområder aust for dette. Det er planlagd dammar i Gurigrøvatnet og Stolavatnet i fjellet aust for Kikedalen, i tillegg til bygging av bekkeinntak ved Tågene og sør for Tågene.

Innspel

FNF Hordaland har nokre kommentarer til føreslått konsekvensutgreiingsprogram frå tiltakshavar, *12 Framlegg til utgreiingsprogram*:


12.1 Alternativ

I *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021* er delområde 5 Fusak gitt følgjande skildring på området: "Fusa delområde har eit stort potensial for småkraft. Det er det særleg viktig å ta vare på den unike storaurebestanden i Sævareidvassdraget. Kikedalen har store verdiar knytt til kulturlandskap og friluftsliv, i tillegg til å ligge i eit område med urørt natur. Her er fleire potensielle prosjekt og det er ønskjeleg at ein ser eventuelle utbyggingssaker i samanheng med kvarandre".

Tiltakshavar må synleggjere 0-alternativet.

12.7 Naturmiljøet og mangfaldet i naturen

I referanselista for meldingsdokumentet er "*Norsk Rødliste for arter 2006*" nemnd som kjelde. Vi gjer merksam på at ei oppdatert utgåve av raudlista er offentleggjort, og ber tiltakshavar leggja til grunn den nyaste utgåva av "*Norsk rødliste for arter*" (2010). I referanselista er dokumentet "*Norsk rødliste for naturtyper*" (2011) ikkje teke med. Vi ber tiltakshavar og konsulentar om å ta med vurderingar i høve dette dokumentet i framtidige utgreiingar.



12.7.6 Fisk

Undersøkingane må særskild vise omsyn til grad av negativ påverknad utbygginga kan gje for storaurestammene i både Gjønavatnet og Skogseidvatnet. Tiltakshavar må synleggjere kva metodikk som er lagt til grunn i kartlegginga av akvatisk miljø i området, så langt det er relevant i følge DNs håndbok 15 – *Kartlegging av ferskvannslokalisiteter*.

12.13 Samfunn

12.13.6 Friluftsliv, jakt og fiske

Det er knytta store friluftslivsinteresser til området langs Sævareidvassdraget. Friluftslivsaktivitetar som kano, kajakk, fiske og fotturar er knytta til vassdraget. I 2008 kartla Hordaland fylkeskommune regionalt viktige friluftslivsområder i fylket. I prosjektrapporten er områda knytta til Kikedalen og Gjønakvitingen trukke fram. Kikedalen er vorte klassifisert som ein del av "store turområder" og har fått status "A: Svært viktig", og Gjønakvitingen er også klassifisert som del av "store turområder" og har fått status "B: Viktig". I 2013 merka Hålandsdalen idrettslag tursti til toppen av Gjønakvitingen. Kikedalen er eit område som mellom anna vert nytta i leirskulesamanhang, og vi ber om at undervisningsverdien til området også vert tillagt vekt i utgreiingssamanhang.


Tiltakshavar skriv på s. 29 i meldingsdokumentet om at "*Hordaland fylkeskommune vedtok Klimaplan for Hordaland 2010–2020 i juni 2010*". Klimaplanen vart til rullering i 2014, og fylkestinget har gjort vedtak om "*Klimaplan 2014 – 2030*" 11. juni 2014. Det er viktig at tiltakshavar legg til grunn ny plan. Under hovudmål "Energi" er følgjande regionale målsetjing lagt til grunn: "*Energibruken i Hordaland skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Det vil seie ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter ein årleg reduksjon på 1,3 % fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfold*", jf. også strategi B i "*Klimaplan 2014-2030*".

Tiltakshavar skriv på s. 28 i meldingsdokumentet: "*Fylkesmannen i Hordaland klaga i 2010 fylkesdelplanen til Miljøverndepartementet fordi planen ikkje tek nok omsyn til inngrepssfrie naturområde og truga og sårbare dyr i vassdraga. I desember 2012 ligg klagen framleis til behandling i departementet, og fylkeskommunen held seg til det plandokumentet som er vedteke*". Vi vil be tiltakshavar og konsulentar i prosessen leggje til grunn det som er gjeldande plan ("*Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021 (Justert 2013 etter handsaming i Miljøverndepartementet)*"):

<http://www.hordaland.no/Global/regional/energi/Sm%ca5kraftplan%20etter%20vedtak%20i%20MD%20webutgave.pdf>

Meldingsdokumentet for Blåura kraftverk er datert desember 2013. Den 16. september 2013 gav Miljøverndepartementet (no Klima- og miljødepartementet) si godkjenning av fylkesdelplanen, men med viktige endringar og merknader til planen: 1) Nasjonale retningslinjer for inngrepssfrie områder skal leggjast til grunn, 2) "Tiltak som kjem i konflikt med artar som er "kritisk truga" eller "sterkt truga" (jf. Norsk Raudliste) eller naturtyper Norge har eit internasjonalt ansvar for, eller vil vanskeleggjere nasjonal oppfylling av internasjonale avtalar, kan ikkje pårekne å få konsesjon" og 3) "Tiltak som kjem i konflikt med biologisk mangfold av stor eller middels verdi (jf. verdivurdering av raudlisteartar, naturtyper og truga vegetasjonstypar som framgår av dei nasjonale retningslinene for små vasskraftverk), må pårekne pålegg om avbøtande tiltak som reduserer konflikten".

Planane om Blåura kraftverk vil føra til eit tap på 2,3 km² INON-sone 1 og 12,7 km² INON-sone 2.



Tiltakshavar må synleggjere kva metodikk som er lagt til grunn i kartlegginga av friluftslivsverdiar og landskap i område. så langt det er relevant i følgje DN-håndbok 18 – *Friluftsliv i konsekvensutredninger etter plan- og bygningsloven*, rettleiaren *"Kartlegging og verdisetting av friluftslivsområder"* (M-98/2013) og DN-håndbok 25 – *Kartlegging og verdisetting av friluftslivsområder*. Det er òg naturleg at det vert stilt krav om at utgreiinga skal basere seg på informasjonsinnhenting og samtalar med offentlege myndigheter, natur-, idretts- og friluftslivsorganisasjonar, grunneigarar og lokalt berørte. Både lokale og regionale friluftslivsverdiar og landskapsverdiar må registrerast og verdisetjast. For landskapsanalysa er det eit føremon at ein legg til grunn tilsvarende metodikk som er utvikla i samarbeidet mellom Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning (Miljødirektoratet) i rapporten *"Landskapsanalyse: Framgangsmåte for vurdering av landskapskarakter og landskapsverdi"* (2010).

12.15 Samla belasting

I *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021* er utbyggingsområdet nemnd innanfor fleire av emna som skal verta utreda:


- "I nordre delar er det sårbart høgfjell av stor verdi, i områda kring Engelifjell, Ottanosi og Gjønakvitingen.
- Langsmed Gjønavatnet er det fleire område av stor verdi.
- Områda kring Engelifjell, Ottanosi og Gjønakvitingen er ein del av eit større inngrepsfritt område i fjellområda kring Tveitakvitingen.
- Sævareidvassdraget med Skogseidvatnet og Gjønavatnet er svært viktig område for innlandsfisk der ein og finn den einaste bestanden av storaure i fylket (stor verdi). Her er sportsfiskeinteressene av nasjonal verdi.
- Kikedalen er eit svært viktig regionalt friluftsområde, mellom anna nytta av Hålandsdalen leirskule. I fortsettinga av dette ligg Gjønakvitingen som er eit viktig regionalt friluftsområde.
- Kikedalen er eit nasjonal kulturlandskapsområde med tufter etter busetnad frå førhistorisk tid".

Blåura kraftverk er planlagd i eit område med store lokale, regionale og nasjonale verdiar knytta til fisk, friluftsliv, kulturmiljø og landskap (inkl. tap av INON-områder), og vi foreslår difor at utgreiingsprogrammet må vise korleis området med sine verdiar vert negativt påverka ift. utbygging av kraftverket, både for kvart individuelt tema som allereie føreslått, men òg samla som ein heilskap vurdert ut frå 0-alternativet. I tillegg må samla belasting vurderast ut frå pkt. 12.15 over eksisterande og planlagde inngrep i området, kvar belastinga òg må verta framstilt på kart som syner desse inngrepa, samt har oversikt over vassdrag kvar det verken er, eller er planer om slike inngrep.

Generelt må utgreiingsprogrammet ha særleg fokus på verdiane nemnd over og forringing av desse verdiane ei evt. utbygging vil gje, jf. *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021* (kunnskapsgrunnlaget denne planen framsyner for området er reell, sjølv om Blåura kraftverk ikkje er eit småkraftverk).

Med vennlig hilsen

Lars Einar Torgilstveit
Fylkeskoordinator
FNF Hordaland



forum for
natur og friluftsliv
Hordaland

Oddvar Skre

Leiar

Naturmangfoldgruppen
Naturvernforbundet
Hordaland

Alv Arne Lyse

Fylkessekretær

NJFF
Hordaland

Nicolas Rodriguez

Naturvernansvarleg

Bergen og Hordaland
Turlag



Naturvernforbundet
i Hordaland



Bergen og Hordaland Turlag



Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkessommune
Fusa kommune